

KYRKJEBLAD

For KVITeseid sokn (Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg, Fjågesund og Kilen)



Les om: *Intervju med Olav Tveitane, s. 4-6*
 Kyrkjebladet 60 år, s. 8-10



Kyrkjetrappa

KYRKJEKONTORET I KVITSEID

Telefon: 35 06 81 31
Kviteseidgata 13, 3850 Kviteseid
kyrkja.no/kviteseid



Kyrkjevevjerje
Jon Svartdal (vikar)
Kontor tlf: 35 06 81 31
Mobil tlf: 408 91 423
post@kyrkjetrappa.no



Sokneprest
Sigrun Lønning
Solvang
Mobil tlf: 924 18 778
prest@kyrkjetrappa.no



Organist
Olav Holm
Mobil: 934 01 156
organist@
kyrkjetrappa.no



**Kyrkjelydspedagog
og -sekretær**
Katarina Ramona
Aasgaard
Mobil tlf.: 918 23 520
katarina@
kyrkjetrappa.no



**Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar**
Håkon Heggveit
Mobil tlf: 911 83 750



**Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar**
Jan Haugen
Mobil tlf: 911 20 248



**Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar**
Bjørn Stian Sigurdslid
Mobil tlf: 970 78 771



Prostidiakon
Eilev Erikstein
3880 Dalen
Mobil tlf: 911 13 580
eilever@online.no

Om bladet

Ansvarleg redaktør: Dagfinn Køhn,
Redaksjon: Øyvind A. Jørgensen
Framsidediletet: Motiv frå apsis i
Kviteseid kyrkje
Foto: Dagfinn Køhn
Utforming og trykk: ETN Grafisk

Gåver:

Bankkonto: 2660.45.14648
Vipps: 3850 (Den norske kyrkja i Kviteseid)

ANDAKT

Å forstå det uforståelege

***Joda, du har sjølv sagt rett:
Overskrifta motseier seg sjølv.
Ingen kan forstå det uforståelege.
For om ein skulle slumpe til å
plutseleg forstå noko som er
uforståeleg, ja, då er det jo ikkje
uforståeleg lenger.***

Kyrkjefader Augustin (354-430) er mellom anna kjent for sitatet "Si comprehendis, non est Deus" som til norsk kan omsetjast med "Dersom du forstår det fullt ut, så er det ikkje Gud". Meir presist kan det knapt seiast dette som me så ofte kan erfare, at tanken vår ikkje heilt strekk til når me prøver å forstå Gud og alle gjerningane hans.

No i påsketida er dette kanskje tydelegare enn nokon gong. Joda, me kan forstå både det eine og det andre i påskeforteljinga: Sviket, lidinga, forvirringa og den store gleda som alt munnar ut i. Men det mest sentrale, forsoninga og sigeren over døden, forstår me eigentleg det, fullt ut?

Gud er alltid større enn det tanken vår kan romme. Difor kan me altså ikkje forstå fullt ut. Er det då berre å gje opp, og ta til takke med det vesle me skjønar slik intuitivt med det same, og la resten bli i det skjulte? Nei, langt ifrå!

Sjølv om me veit at me aldri kjem heilt i mål og har forstått alt, er det av stor verdi å trengje stadig djupare inn i Guds sanningar. Jo, meir me forstår av Gud, jo meir forstår me kva det vil seie å vere menneske og kva vilkår me lever under. Det er difor me markerer pasjonstida kvart einaste år ved å lese lidingssoga slik ho er nedskriven av evangelistane og feirar oppstoda påskedagen med dei flottaste lovsongane me har. For ved å oppleve det på nytt og på nytt anar me litt meir av det uforståelege, litt meir av kor stor Gud er og kor trufast kjærleiken hans til oss faktisk er.

Asgeir Sele



Eg er glad for kvar morgon eg kan stå opp og koke kaffi

Det seier Olav Tveitane (90) i Vrådal. På sin alltid blide og hyggelege måte tek han imot oss i heimen sin, som ligg naturskjønt til ved Nisser mellom sentrum og idrettsplassen. Mange kjenner Olav som matros på turistbåten Fram. Han sigla i 22 sesongar, og det er berre tre år sidan han slutta.

Olav Tveitane er fødd og oppvaksen på Lønemoen, saman med ein yngre bror. Der budde han og foreldra Hjørdis og Magnus fram til 1968, då dei kjøpte huset som Olav har no. Broren Håvard flytta ut i 1958. Han bur i Asker. Skulegangen hadde Olav på Lislekås skule, som låg like i nærleiken av heimen. No er det berre éin av dei samtidige på skulen som lever, det er Helge Lønnegraff, og dei to held kontakten. Olav minnest særleg haustferiane. "Då hadde vi fri for å vere rundt på gardane og plukke jordeple," fortel han.

Var du mykje ute på vatnet i barndomen?
"I mesteparten av livet mitt har eg vore knytt til Nisser og Vråvatn." Men det var ikkje fordi han budde nær vatnet. Grunnen var at far hans var skipper på slepebåten Fram. "Han byrja som fyrbøtar i 1920. Så drog han til Porsgrunn og tok eksamen som styrmann, og i 1929 blei han kaptein." Olav byrja på Fram som tømmerfløtar i

1952. Då samla dei tømmeret i ringar, som dei kalla det. Så blei det slept til Treungen og sendt vidare nedover i vassdraget. "Vi kunne ta 3-4 tusen kubikkmeter i eit slep, og det tok om lag tretti timar å få det fram." Fire mann var i arbeid på båten. To fløtarar, skipperen og maskinisten. Då hadde Fram fått dieselmotor. Båten var stasjonert ved Dølhusbrygga i Nissedal. Magnus og Olav måtte sykle dit, men gjennom veka var det soveplass for alle fire på båten.

Om vintrane var det ikkje fløting. Då arbeidde Olav i skogen. Framleis blei tøm-



meret køyrt ut av skogen med hest, men utover på femtitalet kom traktoren. Olav viser fram ein tømmerklepp som han har spikka sjølv. Det er eit solid treskaft med pigg på. Slike bruka dei til å sanke saman dei mindre stokkane.

Olav hadde seksten somrar som fløtar på Fram. Då var det ikkje heilt slutt på fløtinga, men tømmerbilane tok meir og meir over.

I 1969 fekk Olav spørsmål om å jobbe på Pekeberg treindustri, og der var han i tjue år. Etter ein kort periode på lysfabrikken i Seljord byrja han på Lundevall trevare i Kvitesid, der han var til pensjonsalderen. "Dette var gode arbeidsplassar", seier han. Som pensjonist fekk Olav ei ny tid på Fram. Etter mange år i opplag var den gamle slepebåten blitt ombygd til turistbåt, og i 1999 blei Olav matros. "Det har vore veldig trivelleg. Reiaren har vore kjempegrei, og det er moro å sjå at Fram er teken vare på. Eg var saman med skipper Reidar Skogheim i 22 år. Vi blei som eit gamalt ektepar."

Kva lika du best å arbeide med på Fram, tømmer eller folk?

"Det må bli fifty-fifty, det. Eg lika båe delar, og eg har hatt mange fine opplevingar. I fjor sommar fekk eg vere med på to historiske turar. Torgeir Nordal var leiar på ein tur i Nissedal og Magne Wraa på ein tur til Vråliosen. Eg kan vel seie eg var med som æresmatros."

Ei spesiell oppleving hadde dei på Fram for ein del år sidan. Nissedal Krf hadde eit jubileum. I programmet var det ein fjordtur med Fram, og statsminister Kjell Magne Bondevik var med. "Det var interessant å treffe han. Han var ein hyggeleg og grei



kar."

Då det var songsamlingar på Bedehuset for nokre år sidan, blei Olav med på dei. Det var Ingebjørg Øvrebø som inviterte han, og etter kvart som ho blei kleinare til beins, blei Olav fast skysskar for henne til samlingane. Å ta ordet i forsamlinga var ikkje naturleg for han, men ei kort helsing til møteleiaren ved utgangsdøra sa meir enn mange ord: "Takk for i dag. Det var fint å vere her." Olav Tveitane er innmeld i Vrådal Normisjon og er varamann til styret.

Har du fått barnetrua med frå barndomsheimen din?

"Jau, eg fekk mykje av mor mi. Ho var med på Bedehuset og kvinneforeninga. Og så lærte vi bibelhistoria på skulen, eg hugsar godt vi hadde Ralph Findreng som lærar."

Og no om dagane, korleis lever du no?

"Dagane går fort, så det er ikkje noko problem med det. Eg har mista mykje av kreftene, så eg har nok med å hente ved og fyre og stelle mat. Eg kokar jordeple og lagar middag kvar kveld."

Jau, han kjenner at kreftene ikkje er som før, men han driv med fleire ting enn dette. Han høyrer mykje på radio, og så les han. Vest-Telemark Blad, Kyrkjebladet m.m., og

bøker. Kongehuset er han interessert i, og no har han byrja på ein murstein av ei bok om kronprins Haakon.

Når Olav skal fortelje noko om årstal eller hendingar, legg han til: "Eg må ha det på papiret, veit du." Men det aller meste har han i hovudet. Han er kunnskapsrik og godt orientert, og uvanleg klar i tanken til å vere nitti år. "Nei, fram til no er det ikkje så gali", seier han.

Kvar tysdag får han drosje til Kviteseid. "Det er alltid nokre ærend der, og greitt å handle og få varene køyrt heilt heim." Det

er ikkje veldig lenge sidan han køyrte eigen bil. "Eg fekk legeattest då eg var 88, men eg måtte ta ein køyretest på Notodden, og då lét eg det vere. Men Skogheim'en hjelpte meg til å få ein elektrisk køyredonning, Blåmann kallar eg han."

Olav Tveitane kjenner seg ikkje einsam, og han er takksam og nøgd. "Eg har det bra og skal ikkje klage på nokon ting. Eg er glad for kvar morgon eg kan stå opp og koke kaffi."

ØAJ



Då Reidar Skogheim fylte 85 og Olav Tveitane 90, blei det feira med blautkake.
Foto: Tone Tveit, Vest-Telemark Blad.

Misjonsprosjektet vårt: Stefanusborna

Den 25. januar hadde vi besøk av Øystein Fure Johansen frå Stefanusalliansen i gudstenesta i Kviteseid kyrkje. Øystein er frå Bergen, men no bur han i Oslo, der han er lærarstudent. I tillegg har han ei ti prosent stilling i Stefanusalliansen, organisasjonen som Kviteseid sokn støttar med sitt misjonsprosjekt. Hovudoppgåva hans er å rekruttere fleire frivillige og halde kontakt med dei.

Korleis opplevde du å kome til Kviteseid?
"Det var kjempekjekt. Eg har aldri vore her før, og i dag er det blikk stille, sno og sol. Her er reine wonderland. Og det var fint å vere med i messa. Eg la spesielt merke til at de bed for mange som er i ulike tenester ute i verda."

Øystein Johansen heldt preika denne sundagen. Han tok utgangspunkt i teksten frå Johannes 13, om Jesus som vaska føtene til læresveinane, og knytte den til "Stefanusborna", det arbeidet som vi støttar i Egypt.

I Kairo bur tusenvis av born i område som blir kalla "søppelbyar". Familiane deira er veldig fattige. Kvar dag drar dei inn til byen og hentar søppel, som dei sorterar, så dei kan selje noko av det. Dette er eit farleg arbeid som mange blir sjuke av. Mange familiar bur på berre eitt rom, utan straum og innlagd vatn, og ofte må dei gå svaltne i seng.

Her i søppelbyen arbeider "Stefanusborna", ein organisasjon som m.a. har bygd og driv barnehagar for dei som bur der. På veggen møter borna eit bilete av Jesus som bøyer seg ned og vaskar føtene til læresveinane. "Når vi skal lyfte nokon opp, må vi fyrst bøye oss sjølve ned", seier biskop Thomas, ein av samarbeidspartnarane. Under biletet står ei bøtte med vatn. Når borna kjem om morgonen, får dei vaska hendene, andletet og føtene. Dette er viktig for å hindre spreiding av bakteriar. I preika si denne dagen fortalde Fure Johansen om ei lita jente. Då dei vaska henne, blei det oppdaga eit kutt i foten. Det blei fylgt opp av ein lege som arbeider der.

"Stefanusborna" driv også fleire grunnskular og yrkesskular og leirar for born og unge, og dei besøker familiane og gjev dei mat og praktisk hjelp og ei kort andaktsstund. Kjernen i arbeidet er kjærleiken til borna og familiane deira. Alle skal få høyre at dei er verdifulle og elska.

Med misjonsprosjektet vårt er vi i Kviteseid sokn med og støttar dette arbeidet. Gje gjerne ei gåve til det på vipps nr. 3850 kategori 4.



Øystein Fure Johansen
frå Stefanusalliansen

ØAJ

Kyrkjebladet 60 år

I mai i år er det 60 år sidan Kyrkjeblad for Kviteeid, i den forma vi kjenner det nå, kom ut med sitt første nummer. I eit litt mangelfullt arkiv på kyrjekontoret er det rett nok tatt vare på enkeltkeksemplar frå eit blad med same tittel, som sokneprest Ingolf Boge starta opp midt på 1930-talet. Det siste kjende eksemplaret av dette bladet er frå 1939, med etterfølgjaren, Olav Bjørgum, som utgjevar. Om kyrkja og Bjørgum heldt fram med jamlege nummer også inn i 1940-åra, kan kyrjekontoret vårt i alle fall ikkje dokumentere. Truleg har krigsåra kravd andre prioriteringar og bladet har gått inn.

Det var dåverande sokneprest Haarek Midtgaard som (på nytt) tok initiativ til eit kyrkjeblad. På framsida av første nummer frå mai 1966 heiter det:

”Klarsignalet gjekk i mars, då alle fem sokneråd på sams møte i prestebustaden (etter eit heller diktatorisk framlegg frå soknepresten) vedtok å gje ut bladet og løyvde det nødvendige til startkapital, om lag så mykje at første nummer er i hamn. Den vidare finansiering lyt du, vyrde lesar, syte for – dersom du tykkjer om bladet. Årskontingenten er formelt sett til tre kroner, og den er friviljug.”

Lesarane må ha tykt godt om denne starten, for allereie i blad nummer to kan redaktøren liste opp ei rekkje med 114 gjevarar og ein

innsamla sum på kr. 691 til vidare drift. Slike innbetalingar har halde fram i alle år sidan. Lenge var gåveinntektene nok til å dekkje trykking og utsending, enkelte år jamvel med litt overskot, men i dei seinare åra har det vist seg vanskeleg å gje ut bladet utan å bruke av kyrkjas ordinære midlar. Dette skuldast både lågare gåveinntekter og dyrare og meir profesjonell tilrettelegging, trykking og distribusjon. I seinare tid har vi difor prøvd med ulike grep for å halde fram det vi ser som ein god tradisjon og ein viktig kontakt med nærmiljøet. Til dømes har vi opna for annonsering i bladet – rett nok utan særleg suksess – og vi har gått frå fire til tre nummer i året.

Det var altså Midtgaard som starta opp det heile, og han var redaktør av bladet så lenge han var i teneste, ut året 1984. Då han takka for seg, var allereie Øyvind A. Jørgensen godt i gang som kallskapellan, og gjennom åra vidare framover har prest etter prest hatt redaktøransvaret for bladet, dels åleine og dels – så lenge vi hadde to prestar i kommunen – i samarbeid eller veksling med kollega. Det var først i vakanseperioden etter at Møyfrid Lunde slutta som sokneprest, at denne tradisjonen vart broten ved at dåverande kyrkjevevjer tok på seg redaktøransvaret.

Kyrkjebladet har gjennomgått ein del endringar gjennom åra, men mykje har



NUMMER 1

MAI 1966

1. ÅRGANG

KLAR - FERDIG - GÅ!

Kven er det som står på startstreken? Er det Per Ivar Mo eller Fred Anton Maier? Ja, det er saktens gildt å sjå når desse og dei hine skeisesatelittane kjem farande.

Men sjølv om det — sett frå ein meteorologisk synsstad — let til at vi snart kan kravle på isen det meste av året, så er nå eingong skeisesesongen slutt for i år.

Det som derimot her kjem ruslande «på glattisen» inn i stova di, via postkassa, er *Kyrkjeblad for Kviteeid* prestegjeld, — god dag, god dag!

Klarsignalet gjekk i mars, då alle fem sokneråd på sams møte i prestebustaden (etter eit heller diktatorisk framlegg frå soknepresten) vedtok å gje ut bladet og løyvde det nødvendige til startkapital, om lag så mykje at første nummer er i hamn.

Den vidare finansiering lyt du, vyrde lesar, syte for — dersom du tykkjer om bladet.

Årskontingenten er formelt sett til tre kroner, og den er friviljug. Då ein sjølsagt ikkje har rett til å vente at på langt nær alle betaler for eit blad dei ikkje har tinga på, og då det er gildare med runde tal, har ein ikkje noko å innvende mot at den som har hug til det for eksempel sender ein femmar.

Nåvel, så er ein då *ferdig* med nummer ein. Lærer Jon Skarprud har laga «hovudet» og dei to andre kunstverk du elles finn i bladet. Honorar: Kr. 0,00. Mange takk!

Og nå går det til alle huslydar i prestegjeldet, — lukke på reisa!

Kva vil så bladet? Det ligg millom anna i namnet: Det vil minne om at vi har ei Kyrkje, og at Kyrkja har ein Herre, som gjev oss ein fast grunn i livet, ein trygg veg å gå på, og eit mål for reisa.

Det vil halde fram det Kyrkja står for: *Kristenarven*.

Kyrkja vår er ei *folkekyrkje*. Bladet vender seg difor til *alle* her i prestegjeldet som høyrer Den Norske Kyrkja til, og ikkje berre til ei eller anna gruppe innom Kyrkja.

Bladet ønskjer å skape interesse for alt som i vidaste forstand har med Kyrkja å gjere, og mykje av intensjonen finn ein i desse orda frå kyrkjebøna: *Gje oss å ha heime i di Kyrkje på jorda*.

«Klar, ferdig gå!» står det over desse linene. Med dette ville ein óg ha fram, at frå Gud si sida er alt *klart* og «alt er *ferdig*». Difor seier Han: *Gå!* — Gå laus på dei mange uløyste oppgåvene når det gjeld arbeide for barn, unge, eldre og gamle. Hugs óg på misjonsarbeidet og humanitært arbeide! Og elles dei mange oppgåvene som ligg i det fine ordet: *Kvardagskristendom!*

Gud har såvisst óg sans for dei meir praktiske ting: Støll fint med huset mitt, og kringom huset — støll godt med kyrkjegarden. Han vil ha *orden* på tinga!

Og veit ein ikkje så heilt sikkert kva ein vil gå laus på, så kan ein jo gå noko meir i kyrkja. Der er god plass.

Vi starta med skeisesporten, og konkluderer med å seie: *La det gå sport i å vere med i kyrkjelivet — i vidaste forstand!*

M.

likevel vore likt eller attkjenneleg. Liste over komande gudstenester har hatt sin faste plass på sistesida, og også namn i samband med dåp, bryllaup og dødsfall har vore med frå første dag. Andakt eller ord elles til ettertanke har også hatt ein naturleg plass, og det same har annonsering av eller orientering om kyrkjeleg aktivitet eller samlingar elles.

Format og utsjånad av bladet var også lenge overraskande stabilt. *Kyrkjeblad* har vore tittel heile tida, med ei endring vinteren 1994-95. Fram til då heitte bladet *Kyrkjeblad for Kviteseid*, men frå 1995 kom det inn eit presiserande tillegg; ”for kyrkjesokna Kviteseid, Brunkeberg, Vrådal, Fjågesund og Kilen”. I seinare år, etter at fem sokn ei tid blei til fire, og så blei til eitt, blei dette lett endra til *Kyrkjeblad for Kviteseid sokn*, med dei tidlegare soknenamna i parentes. Den detaljen ved namnet eller logoen som elles heldt seg lengst utan å bli endra, var ein karakteristisk signatur frå den folkekjære teiknaren og læraren John Skarprud; folk på veg til Kviteseid gamle kyrkje inne i ein akantus-boge. Denne kjenneteikna bladet frå første nummer i 1966 like fram til utgangen av år 2011. Frå 2012 fekk bladet den storleiken og utsjånaden som ikkje har endra seg nemneverdig fram til denne dag.

Gjennom åra fram til 2012 var det elles særleg storleiken og papirkvaliteten på bladet som endra seg eit par gonger. Den største kontrasten i så måte skjedde nok tidleg i 1986, då det kjende A-5-formatet frå Midtgaard si tid vart endra til eit stort og utbretta, nærmast ”tabloid” format. Dette var tidleg i Ivar Aarthun si tid som

sokneprest, og dette formatet heldt seg også gjennom heile tenestetida til Thor Egil Abrahamsen. Med det første nummeret der Kjell Arne Norum, saman med Ø. A. Jørgensen, var redaktør, kom så neste endring. Frå å ha hatt ein ”god avis-papirkvalitet” fekk bladet nå ei kvitare og noko meir glansa overflate, og formatet vart halvert i høve til det omtalte tabloide, til eit hefte som likevel var monaleg større enn det er i dag.

Gjennom åra har kyrkjebladet vårt blitt trykt på ulike stader; i Skien og Porsgrunn, hos VTB i Kviteseid og i Bø, og i dei seinare åra hos ETN Grafisk i Skien, tidlegare Erik Tanche Nilssen AS. Utforming har tidvis vore gjort av redaktørane sjølve, men vanlegare har vore at trykkeria også har stått for dette. I periodar har vi òg nytta oss av eigna utformarar, t.d. Målsmia i Kviteseid, ved Ane Borgen og Tore Skaug frå 2002 til 2011, og vår eigen Niklas Karlsen i dei sju påfølgjande åra deretter.

Om ytre tilhøve som storleik, fasong eller papirkvalitet har vore viktig nok, så har dette likevel ikkje vore det vesentlege og sentrale. Det primære omsynet har alltid vore å gje ut kyrkjebladet frå nummer til nummer for på den måten å halde oppe ein kontakt mellom kyrkje og kyrkjelyd, gudshus og enkeltheimar rundt om i kommunen vår. Vi ønskjer å orientere om og invitere til fellesskap og tilbod for alle, og vi ønskjer å formidle noko som *ikkje* endrar seg; ein god bodskap, ja, den beste.

D.K.

Kyrkjebasaren er stadig aktuell

Den årlege kyrkjebasaren vart også denne gongen ei god oppleving. Jamvel om det ikkje vart sett ny rekord reint økonomisk, så var frammøtet bra og stemninga god.

Det er soknerådet som står som arrangør for denne trivelege tradisjonen, som kvart år går føre seg på Misjonshuset i Kviteseid laurdagen før første søndag i advent. Ein eigen komité står for planlegging gjennom store delar av seinhausten, og når dagen kjem, stiller så heile soknerådet og ei rad med frivillige elles opp for å gjennomføre arrangementet så knirkefritt som mogleg. Enkelte år har kyrkja sponsa delar av dei største gevinstane, men den store hovudvekta av gevinstar blir likevel kvart år gjevne som velvillige gåver av forretningar, verksemdar og mange enkeltpersonar, noko vi som kyrkje og fellesskap er svært takksame for.

Vi er takksame ikkje minst også til Kiwi, som årleg både tillèt og legg til rette for at vi – og mange andre foreiningar og lag – kan ta med oss loddbooker dit, sitje på stand og selje, og på den måten markere startskotet for basaren. Eit varmt smil, eit venleg nikk eller ein triveleg samtale er verdfull bonus som vitnar om samkjensle og eit godt og inkluderande nærmiljø.

I tillegg til sjølve basaren, anten det er årsal eller den store hovudtrekkinga, er ikkje minst sal av småkaker ein vesentleg

og kjær del av laurdagsprogrammet. Trufaste medhjelparar stiller kvart år opp med heimebakte jolekaker, og jamvel om etterspurnaden denne gongen var litt lågare enn vanleg, har det lenge vore stor rift om dei velkjende eskene. Også kransekaker har vore eit kjenneteikn og eit tradisjonelt innslag på basaren, og også desse er ”heimebakte”, noko som sjarmerande nok til tider er mogleg å sjå(!). Skjønt heimebakte: I mange år no har vi ein onsdagskveld i november fått låne skulekjøkenet på Kviteseid skule, og i løpet av nokre timar der får ein godt samkøyrt gjeng bakt og pakka inn ei mengd med kransekaker, etter kvart til triveleg akkompagnement av Kviteseid hornmusikk, som øver like bak glasveggen.



Til samlingsstunda på basaren denne gongen hadde vi besøk av to grupper med unge dansarar frå kulturskulen, og framføringane deira sette ein ekstra spiss på dagen. Då årsalet seinare kom i gang, var både dei og andre born gode medhjelparar for å få alle gevinstane raskt ut til dei som vann.

Soknerådet takkar alle som kjøper lodd eller på andre måtar er med og støttar opp om denne trivelege tradisjonen!

Ein salme eg er glad i

Det må bli "Salige visshet", seier Anne Marthe Lindheim (53) i Kviteseid. "Den har fylgt meg heile livet." I barndomsheimen hennar var det mykje song og musikk. Det var alt frå Jim Reeves til songar i "Rop det ut". "Då eg var lita, var eg sein med å gå, men tidleg med å lære salmar og songar. Denne salmen lærte eg utanåt då eg var to-tre år gamal."



"Då eg var lita, var det mest gøy å synge den songen fordi han har så fin melodi. I vaksen alder tenkjer eg meir på kva eg syng. Det handlar om tryggleik i trua, vissa om at eg tilhøyrer

Jesus. Nåden er ny kvar dag. Eg synest eg får ein indre ro av å syngje den, eit frikvarter frå ytre kaos og støy."

Denne songen er skriven av Frances Jane Crosby, gjerne kalla Fanny (1820-1915). Ein dag i 1873 fekk ho besøk av organisten og komponisten Phoebe Knapp (1839-1908), som var ein god ven. Ho spela denne komposisjonen for Fanny, og spurde: "Kva seier denne melodien deg?" Fanny svara: "Blessed assurance, Jesus is mine!"

Fanny Crosby var fødd i delstaten New York i USA. På grunn av feilbehandling blei ho blind då ho var seks veker gamal. Då ho var femten, blei ho elev ved New York Institution for the Blind. Sju år etter blei ho lærar der, og underviste i engelsk grammatikk, retorikk

og amerikansk historie. Heilt frå ho var lita hadde ho skrive dikt, og det utvikla ho stadig meir i vaksen alder.

Fanny hadde alltid bede til Gud og hatt ei kristen tru, men i trettiårsalderen fekk ho eit klarare syn på kva Jesus hadde gjort for henne. Då byrja ho å skrive åndelege songar. I 1868 kom *Gå meg ei forbi, o Jesus*. Blant mange andre kjende songar av henne er *La meg få høre om Jesus* og *Vis meg veien, kjære frelser*.

Fanny Crosby var aldri bitter for at ho var blind, men spreidde glede og hadde omsorg for andre. Frå den dagen ho fekk sin fyrste sjekk for eit dikt, opna ho handa for nokon som trengte hjelp.

*Salige visshet: Jesus er min!
Han er min hyrde, kaller meg sin.
Salige visshet! Allting er vel!
Jesus har kjøpt meg, legem og sjel!*

*Han er min glede, han er min sang,
ham vil jeg prise livsdagen lang.
Ham skal jeg evig love hos Gud,
han er min brudgom, jeg er hans brud.*

*Allting jeg gav ham, allting jeg vant,
evighetsdagen herlig opprant,
himlen er åpen, engler fra Gud
bringer til jorden kjærlighets bud.*

*Nå kan jeg hvile fullkommen glad,
veien er banet inn til Guds stad,
hjertet er rensset, skylden betalt,
selv er jeg intet, Jesus mitt alt.*

Grautsamling i kyrkja

I snart 25 år har det ein onsdag i månaden vorte arrangert føremiddagstreffe på Misjonshuset i Kviteseid. Nesten like lenge har det vore tradisjon at vårsemesteret har vorte avslutta med ei samling ute på Kviteseid bygdetun. Haustsemesteret hadde lenge ikkje ei tilsvarande markering, men nå kan vi tale om ei tradisjonell avslutning også før jol. I starten på desember går denne føre seg i Kviteseid kyrkje, der diakoniutvalet inviterer til ein stor grautfest, med ulike kulturelle innslag. Vår og føre var ikkje det beste denne onsdagen i desember, men likevel hadde ein fin flokk funne vegen til kyrkja. I tillegg til smakfull mat fekk vi høyre

god opplesing av Åsbjörg Hægeland, fin song av Maria Skjæveland og pianomusikk av organistvikar Dagfinn Køhn. Programmet elles var det dei frammøtte som tok hand om, med trivelege samtalar og godt humør. Takk til diakoniutvalet, som også her gjer ein formidabel jobb!



«Krøllegudsteneste» i Kviteseid kyrkje

Gjennom mange tiår har den etter kvart så kjende fireårsboka blitt delt ut til kull etter kull av born i kyrkjelydane våre. Nesten like lenge har også eitt-, to- og treåringar årvisst fått ei gåve frå kyrkja, levert på døra heime, gjerne i samband med markering av dåpsdagen.

I fjor prøvde vi oss med eit nytt opplegg for desse tre yngste årskulla. Då gjekk det ut invitasjon til ei såkalla "krøllegudsteneste", som den gong vart halden i Vrådal kyrkje. I februar år var det på nytt invitert til ei liknande messe, denne gong i Kviteseid kyrkje, og det vart ei fin oppleving for alle som møtte fram. Prostiprest Berit Bjørnerud heldt ei levande preike om sauene som gjekk seg bort, og om Jesus som alltid er på leiting. Og borna fekk gåver; eittåringane

ei bok om Krølle på tur, toåringane kvar sin vesle Krølle-sau og ei ny bok om Krølle, og treåringane "Bibelboka mi". Ein ekstra spiss på dagen sto tolvåringen Signe Marie Holte for då ho song Johannes Bakkens kjente song "Langt inn på ville heii". Dette vart ei gudsteneste for heile familien, og vi satsar på at det kan bli ein god tradisjon i åra som kjem.



Konfirmantar på Trovassli

I slutten av januar inviterte sokna Fyresdal, Nissedal og Kviteseid saman med Treungen frikyrkje til konfirmantleir på leirstaden Trovassli i Øyfjell, og det vert meldt om god stemning og eit variert program. På fredag ettermiddag var det innsjekk på rom, bli kjent-samling med kort innføring i "Kristuskransen" og påfylgjande fredagstaco. Etter mat var det klart for uteaktivitetar i snøen leia av fire vg.1-elevar frå Kvitsund Gymnas. Kvelden vart runda av med bønnevandring, der kvar bønestasjon var symbolisert med ei perle frå Kristuskransen. Laurdag starta med god felles frukost før ei undervisningsøkt. Deretter var det leik og moro ute, før mini-leiren vart avslutta med gudsteneste laurdag ettermiddag. Tilbakemeldinga frå konfirmantane etter mini-leiren har vore god, og dei sette ekstra stor

pris på å bli kjende med andre konfirmantar frå Vest-Telemark. I slutten av juni skal konfirmantane våre på leir til Gjennestad vgs., Vestfold, i fem dagar saman med konfirmantar frå heile Øvre Telemark prosti. Det er 13 konfirmantar i Kviteseid sokn i år. Dei er fordelte slik; to i Vrådal, fem i Brunkeberg og seks i Kviteseid, og gjennom konfirmantåret samlast dei jamleg i Kyrkjestova i Kviteseid til mat, leik og undervisning. Mange av dykk fekk besøk av konfirmantar på døra søndag 22. mars då dei var ute med bøsser til Kirkens Nødhjelp sin årlege fasteaksjon, "Det er håp i ein dråpe vatn".

Takk for forbønn for dei fine konfirmantane i soknet vårt!

Bispevisitasen

Som vi nemnde i førre nummer, kjem biskop Stein Reinertsen på visitas til Kviteseid i april. Programmet er nå klart, og det blir innhaldsrikt og stramt. Han skal ha møte med representantar for ulike grupper og lag i bygda, med kyrkje og kommune, konfirmantar, skular og eldresenter. Tysdag 21. april vitjar han mellom anna Misjonshuset; først språkkafeen på ettermiddagen og så møte om kvelden, og dagen etter mellom anna KOS og Midstundtoppen, før det om kvelden vert ein open kulturkveld i Kviteseid kyrkje. Visitasen vert avslutta med gudsteneste i Kviteseid kyrkje, sundag 26 april, med påfølgjande fest på Misjonshuset like etterpå. Alle er hjarteleg velkomne!

Kulturkveld i Kviteseid kyrkje

I samband med bispevisitasen er alle velkomne til kulturkveld i Kviteseid kyrkje, onsdag 22. april, kl. 19.00. Kyrkjetenar og musikar Jan Haugen har samla eit fint knippe med lokale aktørar som skal bidra på ulike måtar. Signe Marie Holte vil delta med song. Det same vil Håkon Heggteit, og Jan Haugen sjølv vil opptre saman med Kristin Johanne Kleiv. Song vert det òg av Vrådalskoret, under leiing av Hallvard Jørgensen, som i tillegg også vil musisere saman med fiolinisten Hermann Gautefald. Sist, men ikkje minst, vert det lyrikk ved Oddmund Haugen, og i tillegg skal det bli høveleg fellessong.

LIVETS GANG sidan sist kyrkjeblad

Døypte Kviteseid



Olav Broby Meinstad

Vrådal



Noah Matteo de Ruyter

Vi seier oss leie for at det i førre nummer vart oppført feil namn på dette dåpsbarnet.

Døde

Kviteseid

Solfrid Berny Karlsen
Harry William Olsen

Kviteseid

gamle kyrkje
Torjus Moen

Brunkeberg

Klara Dalen
Gro Margrete Brekke Klinge

Vrådal

Borghild Sofie Lauvnes
Gunnar Flatland
Glenn Findreng
Ordny Agathe Lehn

Diakonisamling for Vest-Telemark

Den årvisse samlinga for diakonatet i Vest-Telemark er i år lagt til Kviteseid, søndag 12.april.

Alle er velkomne til gudsteneste i Kviteseid kyrkje kl. 17.00, der Diakoniprisen for 2026 skal delast ut, og der det etter messa også blir ei samling, med temaet:

Å bli ei demensvenleg kyrkje?

Litt om programmet etter messa:

Hildegunn Andersen, leiar i Kviteseid Demensforeining.

Astrid Nordal, leiar i Diakoniutvalet i Nissedal med utfordringar til kyrkja når det gjeld demens.

Tor Eivind Erikstein med Tankar om kyrkjas tenester på sjukeheimar.

Hanne Roholdt frå Diakoniutvalet i Kviteseid: Kva gjer ein på ein temadag på KOS?

Marte Martilla Dybdal om røynsler med å ha med seg konfirmantane på POS (Pleie- og omsorgssenter i Fyresdal).
Dagfinn Køhn: Musikk og song når orda ikkje gjev mening.

Vandring for forandring 2026

Er du mann og har opplevd sjølv mord, då er du er du velkomen til å vere med på Vandring for forandring, ei to-dagars pilegrimsvandring over Haukelifjell mot Røldal 5.-6. september 2026.

Vandring for forandring er eit samarbeid mellom Agder og Telemark bispedøme, LEVE, RVTS Sør og Prostidiakonen.

Meir info hjå prostidiakon
Eilev Erikstein, tlf. 911 13 580



RETURADRESSE: KYRKJEKONTORET - KVITSEIDGATA 13, 3850 KVITSEID

GUDSTENESTELISTE

APRIL 2026

Søn. 19.04. – 3. s. i påsketida

Inga messe i soknet

Søn. 26.04. – 4. s. i påsketida

Kvitseid kl. 11.00

Høgtidsgudsteneste - bispevisitas

Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet

MAI 2026

Søn. 03.05. – 5. s. i påsketida

Inga messe i soknet

Søn. 10.05. – 6. s. i påsketida

Kvitseid brygge kl. 11.00

Felles Godheitsgudsteneste

Kvitseid kl. 15.00

Samtalegudsteneste med

konfirmanter

Takkoffer til kyrkjelydens

trusopplæring

Torsd. 14.05. – Kr. Himmelfartsdag

Vrådal gml. kyrkjegard kl. 11.00

Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

Søn. 17.05. – 17. mai

Kvitseid kl. 11.00

Takkoffer til Sjømannskirka

Fjågesund kl. 12.30

Takkoffer til Menneskeverd

Brunkeberg kl. 14.00

Takkoffer til IKO

Laurd. 23.05. – Konfirmasjon

Vrådal kl. 11.00

Brunkeberg kl. 13.30

Takkoffer til kyrkjelydens

trusopplæring

Søn. 24.05. – 1. pinsedag -

Konfirmasjon

Kvitseid kl. 11.00

Takkoffer til kyrkjelydens

trusopplæring

Mån. 25.05. – 2. pinsedag

Inga messe i soknet

Sør. 31.05. – Treeiningssøndag

Inga messe i soknet

JUNI 2026

Søn. 07.06. – 2. s. i treeiningstida

Kvitseid kl. 11.00

Familiegudsteneste

Takkoffer til Acta Normisjon

Søn. 14.06. – 3. s. i treeiningstida

Vrådal kl. 11.00

Familiegudsteneste

Takkoffer til Kvitsund gymnas

Søn. 21.06. – 4. s. i treeiningstida

Kvitseid gamle kyrkje kl. 11.00

Opning av Bygdetunet

Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet

Søn. 28.06. – 5. s. i treeiningstida

Inga messe i soknet

JULI 2026

Søn. 05.07. – 6. s. i treein.t. /

Aposteldagen

Vrådal kl. 11.00

Takkoffer til Israelsmisjonen

Søn. 12.07. – 7. s. i treeiningstida

Kvitseid kl. 17.00

Takkoffer til Mama Children c.o.

Norway

Søn. 19.07. – 8. s. i treeiningstida

Inga messe i soknet

Søn. 26.07. – 8. s. i treeiningstida

Inga messe i soknet

Ons. 29.07. – Olsok

Kvitseid gamle kyrkje kl. 19.00

Takkoffer til kyrkjelydens

misjonsprosjekt

AUGUST 2026

Søn. 02.08. – 10. s. i treeiningstida

Brunkeberg kl. 11.00

Takkoffer til kyrkjelydens

trusopplæring

Søn. 09.08. – 11. s. i treeiningstida

Vrådal kl. 11.00

Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

Søn. 16.08. – 12. s. i treeiningstida

Kvitseid kl. 11.00

Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

Søn. 23.08. – 13. s. i treeiningstida

Inga messe i soknet

Søn. 30.08. – 14. s. i treein.t. /

Vingardssøndag

Kvitseid gamle kyrkje kl. 11.00

Kvitseiddagen

Takkoffer til kyrkjelydens

misjonsprosjekt

SEPTEMBER 2026

Søn. 06.09. – 15. s. i treeiningstida

Vrådal kl. 11.00

Takkoffer til kyrkjelydens

trusopplæring

KALENDER

Kveldsandakt

i Gamlekyrkja torsdagane

2., 9., 16. og 23 juli.

– kl. 19.30

Babysong

Misjonshuset, Kvitseid

Om lag kvar torsdag kl. 11-13

Føremiddagstreff

juli: onsdag 1. våravslutning på

Bygdetunet kl. 12.

Hautsemesteret:

Misjonshuset, Kvitseid kl. 11

sept.: onsdag 29.

Språkkafé

Misjonshuset, Kvitseid

tysdagar kl. 14.30

21. april, med besøk av biskopen

5. mai

1. sept.

Endringar kan koma.